

Inge Åsebø

Vikebøkai på Vikebø

Dette området har høg verdi som kulturmiljø på Vikebø. Her står det gamle meieriet, ishuset, isdammen bak ishuset og eit gammalt posthus med kai som høyrer til området. Det var dette området bygda var bygd opp rundt, og den fortel og om korleis bygdelivet knytt til fjorden i eldre tider. Dette er og eit verdfullt område som blir brukt i undervisning på skulen. Det er viktig i ein vekstkommune å ta vare på delar av den gamle historien til kommunen. Vikebøkai er eit svært autentisk døme i så måte. Dette er og med på å gje identitet og stadkjensle til bygda.

Eg ber om at det vert tek omsyn til dette verdfulle kulturmiljøet i rullering av kommuneplan, kan området verte sett av med omsynssone kulturmiljø.

Med helsing

Inge Åsebø

A handwritten signature in blue ink that reads "Inge Åsebø". The signature is written in a cursive style with a small flourish above the 'ø'.